



SVEIO KOMMUNE

Ordføreren

del 76

Kultur- og kirkedep.	
Ki	
Saksnr. 200605491	Date 22.11.06
Kode Ki-501	Post

Det kongelige kultur- og kirkedepartement
Kirkeavdelingen
PB 8030 Dep

0030 OSLO

Dykkar ref.: 2006/2706 Ki

Vår ref.: 06/413-6/06/10101

Arkiv: N-200 Dato: 08.11.2006

NOU 2006:2 STATEN OG DEN NORSKE KYRKJE - HØYRING

Vi viser til Dykkar brev av 24. april 2006 vedkomande ovannemnde høyring.

Saka blei endeleg behandla i kommunestyret i møtet 6. november 2006.

KOM-056/06 VEDTAK:

Høyringsuttale frå Sveio kommune:

1. Kva overordna prinsipp bør liggja til grunn for trus- og livssynspolitikken?

Sveio kommune meiner at viktige overordna prinsipp for trus- og livssynspolitikken er:

toleranse og respekt
tradisjon og historie
etiske retningslinjer
aktiv støttande religionspolitikk
religionsfridom
ein åpen, inkluderande og romsleg politikk.

Postadresse:	Telefon:	Telefaks:	Org.nr.:	Bankgiro:	E-post:
Postboks 40 5559 Sveio	53 74 81 00	53 74 80 01	864967272	3506 07 10323	ordforar@sveio.kommune.no

Fakturaadresse: Postboks 54, 5559 Sveio

2. Den norske kyrkje som statskyrkje:

Bør fortsetja

Dagens ordning har vist seg å vere den beste garantien for at det på lang sikt finst ei åpen, inkluderande, landsdekkande og likestilt folkekyrkje i heile Noreg. Gjeldande ordning gjer rom for ulike teologiske syn, og på den måten er det ein garanti for breidde og mangfald i kyrkja.

(Mindretal: Bør avviklast: Det er viktig å skilje politikk og religion. Prinsipielt har desse to ikkje noko med kvarandre å gjere.)

3. I kva lov bør Den norske kyrkja vere forankra?

Grunnlova

Ei eiga kyrkjelov medfører at Stortinget, avhengig av skiftande fleirtal, vil kunne vedta endra rammer for Den norske kyrkje gjennom allminneleg fleirtal. Ei grunnlovsending krevjer på si side 2/3 fleirtal. Ei eventuell endring av kyrkjeordning vil vere ei så grunnleggjande endring av vårt lands konstitusjon at spørsmålet om eit eventuelt skilje mellom stat og kyrkje bør leggjast fram for folket i ei folkerøysting.

(Mindretal: Eiga kyrkjelov vedteken av Stortinget)

4. Korleis bør Den norske kyrkje finansierast?

Her var meiningane delte. Eine halvdel meinte fylgjande: Stønad frå det offentlege og med noko medlemsavgift. Medlemsavgift kan medføra at dei som vel å vere medlemmer er meir aktive og engasjerar seg meir i det som hender i og med kyrkja.

Andre halvdel meinte dette:

Offentleg finansiering utan medlemsavgift.

Medlemsavgift kan medføra eksklusjon av grupper som ikkje ser at dei har økonomi til å betale medlemsavgift. Ei slik avgift kan svekke folkekyrkja. Det kan lett oppstå store skilnader mellom resurssterke og resurssvake menigheter og kan føre til eit redusert kyrkjeleg tilbod i delar av Noreg. Erfaringane frå Sverige viser at innføringa av frivillig kyrkjeskatt har ført til ei avskalling på ca 1 prosent i året, til saman fleire hundre tusen medlemmer. Dette er ti gonger meir enn den årlege utmeldinga frå Den norske kyrkje. Ei tilsvarande svekking av medlemsgrunnlaget i Den norske kyrkje vil over tid undergrave kyrkja si berekraft i samfunnet.

5. Korleis bør valordningane og demokratiet vere dersom statskyrkjeordninga avviklast?

Det er viktig å få til auka valdeltaking og få til ei god demokratiseringsprosess. Det er nødvendig å vurdere nye valordningar for å auke valdeltakinga t.d. ved å ha direkte val til dei kyrkjelege råda, utover

menighetsråd, og Kyrkjemøtet.

Eit tiltak å vurderer kan vere å samkøyre valet med Stortingsvalet.

Som eit tiltak for å sikre tilstrekkeleg antal kandidatar på val, kan ein vurderer å endre valperioden frå 4 til 2 år. Nokon avstår frå å stille til val fordi dei synest 4 år er for lang periode å sitje.

6. Dersom statskyrkjeordninga vert avvikla, kva bør i så fall stå i § 2 (eller ein annan paragraf) i Grunnlova i tillegg til prinsippet om religionsfridom?

Dei politiske prinsipp som statsforfatninga byggjer på; så som demokrati, rettsstaten og menneskerettane

(Mindretal: Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget)

7. Kven bør ha ansvaret for gravferdsforvaltninga?

Kommunen

Noreg er blitt eit meir fleirkulturelt samfunn, og gravferd bør derfor forvaltast av eit nøytralt organ. Dette må ikkje vere til hinder for at kommunane i dei tilfelle dette vil vere mest hensiktsmessig kan overlate gravferdsforvaltninga til kyrkjelig fellesråd. Det må sørgjast for livssynsnøytrale seremonirom.


(Mindretal: Den lokale kyrkje - Dagens ordning fungerer bra, og er fleksibel og imøtekomande i forhold til andre livssyn.)

8. Kven bør eiga og forvalta kyrkjebygga?

Den lokale kyrkje bør eige kyrkjebygga, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret.

Forutsetnaden er at råda i Gjøannes-utvalet blir fulgt slik at staten følgjer opp med eigne ordningar for freda og verneverdige kyrkjebygg, tek ansvaret for det etterslepet som ligg i vedlikehaldet av kyrkjene i dag, og blir den som har ansvaret for løn til kyrkjelege ansatte.

Med helsing



Jorunn Skåden
ordførar